



Ordbok for trusopplæringa

Tidsavgrensa breiddetiltak: Sentralt omgrep i trusopplæringa definert som tiltak som rettar seg mot alle i eit alderstrinn (t.d. alle 4-åringar), har klare tidsmessige rammer og som har eit pedagogisk og teologisk innhald som inngår som ein del av ein systematisk og samanhengande plan for trusopplæring. Det er desse tiltaka det skal først timar på i planen. Dei kan gjerne gjennomførast i samarbeid med det kontinuerlige arbeidet i kyrkjelyden.

Kontinuerlege tiltak: Aktivitet/tiltak som går jamnleg. T.d søndagsskule, barnekor, ungdomsklubb, ten-sing. Mange av desse tiltaka driv god trusopplæring, men har ikkje krav over seg til å passe inn i den systematiske og samanhengande planen for trusopplæring.

Grunnlagsarbeid: Dette er svært viktig arbeid som skjer i høve til å utruste leiarar og å bygge opp kyrkjelyden sitt arbeid. Det legg grunnlaget for at kyrkjelyden kan arrangere tiltak og drive kontinuerleg arbeid. Eksempel på slikt arbeid er leiartreningskurs for unge leiarar, arrangement for foreldre og liknande.

Systematisk og samanhengande: Dette er eit begrepspar som definerer korleis trusopplæringsplanen skal vere. Det skal vere planmessig, og med ein tydeleg progresjon. Det får fram at denne opplæringa finn stad over tid og det stiller krav til at ein skal møte både kjerna og ulike aspekt i den kristne bodskapen, og tradisjonane som vi står i.

For alle døypte: Alle som er døypt, og difor er medlem i Den norske kyrkja, skal ha tilbod om trusopplæring – uavhengig av funksjonsnivå. Dette betyr at ein bør arbeidet ut frå tanken om universell formidling. Ein må og sørge for at alle døypte får invitasjon til dei ulike tidsavgrensa breiddetiltaka.



Sentrale dimensjonar:

I ei heilskapleg trusopplæring er det fleire dimensjonar som er sentrale i verksemda til kyrkjelyden. I trusopplæringsreforma er dette definert som 11 områder: Samarbeid med heimen og familien, medverknad frå barn og unge, inkludering og tilrettelegging, gudsteneste, diakoni, misjon, musikk og kultur, frivillig medarbeidaskap, samarbeid med barne og ungdomsorganisasjonane, tverrfagleg samarbeid og kommunikasjonsarbeid. Dette er dimensjonar som må tenkast gjennom på alle tiltak og for den totale planen. Dette er med på å kvalitetssikre trusopplæringstilbodet.

Eigarskap:

Kven eig trusopplæringa? HEILE KYRKJELYDEN! Heile kyrkjelyden forpliktar seg til dåpsløftet. Likevel må det avklarast kven som har ansvar for kva i høve til dei ulike tiltaka. Alle planar må godkjennast. Soknerådet har eit særskilt ansvar for å godkjenne planen før den blir sendt til biskopen, og for å evaluere denne med jamne mellomrom etter at biskopen har gitt si godkjenning.

Tverrfagleg samarbeid:

Dei tilsette i den lokale kyrkjestaben sit på ulike kompetanse. For å kunne gjennomføre trusopplæringa i kyrkjelyden er det difor viktig å samarbeide om å få fram ein plan som rommar kyrkjelyden sitt liv og gjev born og unge plass i dette rommet. Det er og viktig å arbeide saman i høve til kvart enkelt tiltak, og sikre at ein tek vare på dei ulike sidene av det kristne livet. Tverrfagleg samarbeid handlar og om å nytte den kompetansen som er blant ulønna medarbeidarar, som ynskjer å bruke evne, talent og utdanning inn i kyrkjelyden sitt arbeid.

Totalformidling:

Omgrep innanfor pedagogikk/undervisning. Det handlar om å bruke fleire måtar å formidle på, ikkje berre med ord men og med handling. Vi lærer med alle sansane våre, og vi lærer på ulike måter. Difor er dette eit vesentleg omgrep når ein skal lage ein plan for trusopplæring for alle døypte.

Salmekanon:

Oversikt over sangar og salmar som vert nytta i trusopplæringa.

Mål:

Alle planar må ha ein visjon for arbeidet. Kva vil ein at 18-åringen skal ha med seg av trusopplæring dersom han/ho får med seg alle tiltak dei har fått tilbod om. I tillegg skal kvart tiltak ha sitt mål, kva ein ynskjer å oppnå med å gjennomføre tiltaket og kva barnet/ungdomen skal lære/erfare. Barnet er subjektet for målet; kva ynskjer vi at barnet skal ha fått med



seg, eller kvar er barnet, når det har gjennomført dette tiltaket?
T.d.: «Barnet er fortruleg med gangen i gudstenesta». «Barnet kjenner seg heime/trygg i kyrkja». «Barnet veit kva dei ulike liturgiske ledda betyr/står for». «Barnet kan Herrens bøn utanåt». «Barnet kjenner bibelforteljinga om..., og kva bibelteksten betyr i kristen tradisjon og kan bety for vår kontekst i dag», «Barnet er kjent med påskehøgtida og kan reflekterer over kva påskehendingane har å seie for sitt eige liv» osv.

Livstolking og livsmeistring: Eit av aspekta i innhaldet på kvart tiltak. Dette handlar om kva relevans den kristne bodskapen har i dag, for verda både globalt og lokalt og for kvart enkelt menneske. Dei store spørsmåla er sentrale og ein må sjå både på korleis dette påverkar verdsbilete vårt og korleis dette kan hjelpe oss i kvardagen; hjelpe barnet til å meistre livet.

Tru og tradisjon i kyrkja: Kva er det vi trur på? Kva tradisjonar har vi med oss? Her handlar det om kva bibeltekstar, trusartiklar, sakrament, kyrkjehistoriske element og andre sentrale element ved trua vi vil ha med i tiltaket.

Kristen tru i praksis: Kva praksisar utøver vi som kristne? Her handlar det om det vi gjer. T.d. at vi ber, vi syng, vi les bibeltekstar, vi går til nattverd, pilgrimsvandring osv. Dette aspektet skal vise kva praksis vi let borna erfare på dei ulike tiltaka.

Arbeidsmåtar: Dette handlar om måten vi legg opp tiltaket på. Kva pedagogiske grep gjer ein og gjerne kvifor.

Universell utforming: Dette handlar om å tilrettelegge dei fysiske forholda slik at alle kan vere med uavhengig av funksjonsnivå. (t.d. tilgang med rullestol)

Individuell tilrettelegging: Dette handlar om å legge til rette for den enkelte som har særskilde behov. (t.d. matallergi)

Barnet som subjekt: Barnet er fullt ut eit menneske – det er eit aktivt, handlande subjekt. Barnet har mykje å lære den vaksne, og omvendt. Barnetru ikkje er dårlegare enn vaksen tru, vaksen tru er heller ikkje mindre verd enn barnetru – sjølv om dei kanskje har ulik form. Det er difor viktig å gje rom for at barnet får uttrykke trua, tvilen og tankane sine i trusopplæringa. (eit vesentleg omgrep i denne samanheng er barneteologi)



Læring:

Kva erfaringar og kunnskap sit barnet igjen med? Kva erfaringar og kunnskap sit den vaksne igjen med? Læring går aldri berre ein veg, og kan skje på svært ulikt vis. Det er difor viktig å vere klar over kva type mål ein har for læring. I pedagogikken si verd snakkar ein ofte om kunnskapsmål, ferdighetsmål og haldningsmål. Dette kan vere nyttig å tenke gjennom i arbeidet med tiltaka.

Faser:

Trusopplæringa har 4 faser: ventefasen – dei som ikkje har fått midlar i det heile, mellomfasen – dei som har hatt prosjekt og framleis får midlar i forhold til dette, gjennomføringsfasen – dei som har fått midlar til å lage ein plan og som skal levere denne ca.3 år etter innfasing, og driftsfasen – dei som har fått godkjent plan og som arbeider ut frå den.

Eining:

Ei eining består av ein eller fleire kyrkjelydar som har ein felles pott med midlar til trusopplæring frå reforma og som arbeider saman med å få laga ein trusopplæringsplan, eller arbeider ut frå ein godkjent trusopplæringsplan. Einingane er oftast samanfallande med fellesrådsområde.

Mentor:

IKO (Kyrkjeleg pedagogisk senter) står for mentortjenesta som føl trusopplæringsreforma. Når ei eining går inn i gjennomføringsfasen må dei ha mentor. I driftsfasen kan dei velje om dei vil halde fram med denne ordninga. Mentor skal vere ein prosessrådgjevar, og bidra til at arbeidet med planen vert fruktbart.

Kontaktperson:

Fast tilsett person på bispedømekontoret som er kontaktledd mellom eining og bispedømmerådet og kyrkjerådet. Dette er i gjennomføringsfasen den faglege rådgjevaren for eininga. Vedkommande har og ansvar for å få gjennomført årlege samtaler om årsrapport.

Timetal:

Timetalet som ein har «mista» i skulen er sett til 315 timar. Dette er difor eit ideelt tal å strekke seg etter, men det einaste kravet som er til timar ligg på konfirmasjonstida. Den skal vere på 60 timar. Og ein snakkar då om klokketimar, ikkje skuletimar. Timetalet skal reknast ut frå kor mange timar det enkelte barnet får, ikkje ut frå kor mange arbeidstimar tiltaket utgjer.

Bergen oktober2012

STØRST AV ALT

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin bispedøme

